



Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 16.05.22

## Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 12.05. 22

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Andreas Ester.

Meldt forfall : Ellinor Henjesand Austreim . Møtte ikkje : Anna Sofia Høvik.

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Arnvid Hovland , Gerda Otterstein, Katarina Vattekær, postmottak Høyanger kommune.

### Sakliste

#### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen merknad til innkalling. Leiar kom med forslag om eit tillegg under meldingssaker, nr 220019, om kva vi gjør med lager av salmebøker og jubileumshefter.

#### Godkjenning av referat frå møtet 17.03.22.

Det var ingen merknad til referatet.

#### Sidan sist.

Gudstenester avvikla etter plan.

Dugnad både på Kyrkjebø og i Vadheim med bra oppmøte og godt arbeid.

Faste-aksjon med fin innsats av konfirmantane.

Stemningsfull påskennatts-messe med 14 frammøtte.

Påskevandrings-plakatane sett opp før påske, og står til pinse.

Jazz-konserten i Høyanger kyrkje var ei flott musikalsk oppleving.

1. mai-gudsteneste med vellukka opplegg .

2 grupper frå barnehagen på Kyrkjebø har besøkt kyrkja, og 1 gruppe er planlagt .

#### Postlista.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmene.

#### Årshjulet.

Gjennomgang og oppdatering som eiga sak .

#### Soknepresten har ordet.

Presten Andreas minna om mange store hendingar i mai, feiring av grunnlovsdagen 17.mai og konfirmasjonar. Det er store kontrastar i kyrkja, landet vårt og i verda. Han las ein tekst for 17. mai frå Matteus-evangeliet.

### Meldingssaker:

#### 220014 : Fasteaksjonen 2022 – resultat.

Leiar informerte om resultatet i vårt sokn med kr 14509 i følge Kirkens Nødhjelp sine sider.

**220015 : Personalsituasjonen i kyrkja i Høyanger Kommune.**

Informasjon til medlemmane i soknerådet ved leiar og sokneprest. Det har kome inn 2 søknader til kyrkjelydspedagogstillinga. Få aktuelle søkerar medfører tankar om alternativ med lokale engasjement. Ingen søkerar til prestestillingane, men Geir Sørebø er engasjert i eit vikariat i haust. Det er i gang prosess med å velje ny biskop i Bjørgvin.  
Det pågår søknadsprosess med å tilsette ny kyrkjeverje.

**220016 : Spørjeundersøkinga som hadde svarfrist 30.04.22.**

Det er kome inn 25 digitale og 22 manuelle svar.  
Leiar informerte medlemmane i soknerådet, og vi drøfta vidare arbeid med resultata.

**220017 : Opa kyrkje i sommar.**

Leiar informerte om positive svar til musikalsk medverknad alle 4 ganger .  
Detaljar og fordeling blir sett inn i årshjulet.

**220018 : Helgestunder.**

Leiar informerte frå sist redaksjonsmøte , om fordeling av arbeid og frist 23.mai for stoff til neste utgåve.

**220019 : Gamle salmebøker og jubileumshefter.**

Leiar informerte soknerådet om saka.  
Det ligg ein del gamle salmebøker både i Vadheim og på Kyrkjebø, og eksemplar av jubileumsheftet vårt. Soknerådsmedlemmene drøfta kva vi kan gjere , evt selje eller gje bort.  
Forslaget blei at vi prøver å selje 2 salmebøker for kr 50, selje fleire jubileumshefte , td via butikken, samt å gje konfirmantane 1 eks av heftet som gavé.

**Vedtakssaker:****Sak 0012/22: Gudsteneste plan , så langt den føreligg.**

*Vedtak:* Kyrkjebø Sokneråd tilrår gudstenester etter fastlagt plan fram til 1.7. , og vidare som forslag frå prest Andreas i møtet . ( Dato og stader blir sett inn i årshjulet.)

**Sak 0013/22: Årshjulet.**

**Vedtak :** Årshjulet vert etter møtet oppdatert med resultat av drøftingane, og oppsett av kyrkjevertar. Det kan bli aktuelt med eit ekstra møte i soknerådet 4. 8. pga lang tid mellom i oppsett plan.

**Sak 0014/22 : Møte i kulturnemnda.****Vedtak : Kulturnemnda vert oppmoda om å fastsetje ein dato for første møte tidleg haust -22.**

Soknerådet ber sin representant , Aud Kjersti Haugen, om å kalle inn nemnda. Aktuelle ynskje frå soknerådet til bruk av midlane er innkjøp av monter til å vise fram kyrkjekunst, evt arrangere kyrkjekunst-kveld eller konsert.

For Kyrkjebø sokneråd

Aud Kjersti Haugen  
Medlem i soknerådet